

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke:

Ragaland
Erfjord

Tilleggsspørsmål nr.

Herad:

Emne: Vassbering.

Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Jarmi h.

Gard:

(adresse): Vik i Erfjord.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

1. Ein har bare heim vahn med vass-sel. Vasselen som dei brukte her kvilte på aksolele og det er uto hola opning for halsen på midten av lekt. Den andre typen kjemmer ein ikkje her. Den går fra kjeftlin gar fra bare huet, og i desse er der to krokar som ein tekta under bokkhaldet når ein ber.

Han ikkje segja hva til ein skulle å bera vahn i hebøtter.

2. Ein har ikkje henta vahn i slike har som dit er spurnad um. Det hareller ikkje vore brukt skiva som skulle hindra skulping under vassbering. Sume har bare mjølk i vasssle.

3. Si har ikkje vore mytt til vassføring her.

4. Det var ikkje visse folk som bar vahn. Dei bygdest att alle med beringi av vahnet.

5. Bering av vahn med vass-sel brukast enno på unshilde am

2

bruk. Olen er helst støtt på store gardar. Det hender i harde vinter at vassøyri flys og da vert vass-solen brukt opp på same gardar.

6. Olen vart helst laikt på stede på gardane når royrane er frosne.

7. Dei fleste bruk har no innlagt vassspung i fjøs og kjøkken.

På gardane nede ved sjøen er det vanlig innlagt i alle hus.

Olen på gardar i mur avsides liggjande grunder fins der emne i noksilde gardar som ikkje har vann innlagt.

Og på desse gardane vert vannet boren inn.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

631

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.	Fylke: Rogaland
Tilleggsspørsmål nr.	Herad: Erfjord
Emne: Vassbæring.	Bygdelag:
Oppskr. av: Gudmund Jårvik	Gard:
(adresse): Vik i Erfjord.	G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.
 B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

1

Ein har bære heim vatn med vass-sele. Vassselen som dei brukte her kvilte på akslele og det er ut hola opning for halsen på midten av treet. Den andre type kjenner ein ikkje her. Der går to kjettingar frå bæretreet, og i desse er der to krokar som ein hektar under bøt- tehaldeit når ein ber. Kan ikkje segja kva tid ein slutta å bera vatn i trebøtter.

2. Ein har ikkje henta vatn i slikt kar som det er spurnad um. Det har heller ikkje vore bruk skiva som skulde hindra skvulping under vassbering. Sume har bære mjølk i vasssele.

3. Ski har ikkje vore nytta yil vassføring her.

4. Det var ikkje visse folk som bar vatn. Dei byttest å alle med beringi av vatnet.

5. Bering av vatn med vass-sele brukast enno på ein-skilde små bruk. Men er helst slutt på større gardar. Det hender i harde vintrar at vassrøyri frys og då vert vass-selen brukt okso på sume gardar.

6. Men vatnet vert helst køy(r)t på sleda på gardane når røyrane er frosne.

7. Dei fleste bruk har no innlagt vassspring i fjøs og kjøken. På gardane nede ved sjøen er det vatn innlagt i alle hus. Men på gardar i meir avsides liggjande grunder fins der enno einskilde gardar som ikkje har vatn innlagt. og på desse gardane vert vatnet bore inn.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM 631

BYGDØY

Rett avskrift
L. Aall.

Gudm. Jærvik.

Rogaland
Erfjord

I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET


NORSK ETNOLOGISK GRANSTING
ADR. NORSK FOLKE-MUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass injuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?

Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel? Nei.

Har ein brukta kumøkk til brensel?

Nei.